



Teknisk drift

Referansar:

Dykkar:

Vår: 16/1603 - 18/12419

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

28.08.2018

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - endra løyve

Me har motteke søknad om endra førehandsgodkjenning for turveg på Manger datert 25. juli 2018. Bakgrunnen for endra søknad er at traseen er lagt om nokre stader i høve til opprinnleg søknad.

Det er eit mål at traseen i størst mogleg grad skal vera universelt utforma og utan for stor stigning, slik at løypa i størst mogleg grad skal kunna nyttast av alle. For å gjera minst mogleg terrenginngrep gjennom bøskeskogen og prestegardshagen, vil det nokre stader vera større stigning enn det som er tilrådd. Det er opplyst at det vil vera stikkvegar som kan nyttast som alternativ til dei brattaste partia. På eit kortare parti er det lagt opp til at vegbreidda vil vera noko mindre enn 2,5 meter.

Me har vurdert planane og godkjenner dei med følgjande merknader:

- Det må setjast opp kvilebenkar i bratte parti slik at det er mogleg å setja seg ned og ta pause
- Alternative trasear/stikkvegar må skiltast

Eitt sett med planar følgjer med i retur med godkjenningsstempel.

For å søkja spelemidlar må turvegen vera minst 1 km. Det vert gjeve inntil 50 % av godkjend kostnad i tilskot, maksimalt kr 500 000. For kvar 0,5 km utover 1 km vert tilskotet auka med kr 250 000.

Skulle planane for anlegget verta endra, må nye, oppdaterte planar for anlegget sendast inn for fornya idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Vedlegg:
20180917150244

Mottakarar:
Teknisk drift